

Saksutredning:

BREV FRÅ VESTLANDSRÅDET TIL KUNNSKAPSDEPARTEMENTET OM FAGSKOLEUTDANNINGA

Trykte vedlegg: Ingen

Utrykte vedlegg:

[... Sett inn saksutredningen under denne linja ↓](#)

Finansiering av dei offentlege fagskolane

I samband med forvaltningsreforma blei drifts- og finansieringsansvaret for fagskolane overført til fylkeskommunane i 2010, og tilskotet vart innlemma i inntektssystemet. For budsjettåra 2010, 2011 og 2012 vart det gjort ei særskilt fordeling av tilskotet utanfor utgiftsutjamninga, på basis av tal på registrerte studentar i 2008. I kommuneproposisjonen for 2013 vert det tilrådd at midlane også for 2013 vert gjeve som ei særskilt fordeling basert på studenttal. Men grunnlagstalet vil i 2013 verte oppdatert, slik at for fylkeskommunalt finansiert fagskoleutdanning er det talet på registrerte studentar hausten 2012 som dannar grunnlaget for fordeling av midlar i 2013.

Kommuneproposisjonen for 2013 seier vidare at regjeringa har sett på og vurdert finansieringsordningane for fagskolane, og fordi forvaltningsreforma har virka så pass kort tid er det for tidleg å stadfesta om eventuelle styrkar og veikskapar ved ordninga er av varig karakter. Regjeringa har i Ot.prp. nr. 10 (2008-2009) lagt opp til å sjå tidspunkt for innlemming av midlane til helse- og sosialfagskolane i samanheng med Omsorgsplan 2015. Regjeringa meiner at det i 2016 vil vere naturleg å vurdere ei mogleg omlegging av finansieringa av fagskolane. Regjeringa ønskjer å hauste erfaringar og henta inn ny kunnskap fram mot kommuneproposisjonen 2016. Det vil verte vurdert årleg om det er høveleg med justeringar innanfor ordninga i dag, då i den særskilte fordelinga av midlane i rammetilskotet.

Hordaland fylkeskommune er det fylket i landet som har flest fylkeskommunale fagskolestudentar, og ønskjer ei finansieringsordning som baserer seg på faktiske studenttal hausten før eit budsjettår. Tidlegare har det vore prøvd med ei tilskotsfordeling etter nøklar basert på folketal. Med ei slik ordning vil rammetilskotet til Hordaland verte om lag halvert. Årsaka til dette er at Hordaland er eit 10 %-fylke i høve til folketal, medan i fagskolesamanheng er Hordaland eit 19 %-fylke (jamfør studenttal 2011).

I tabellane under ser ein studenttala, rammeoverføringane og studentsats som er rekna ut på bakgrunn av studenttalet året før eit budsjettår. Ei slik framstilling vil verte gjeldande i

høve til forslaget i kommuneproposisjonen for 2013. Helsefagskolestudentar er ikkje med i tala av di dei vert finansiert med øyremerka midlar frå Helsedirektoratet.

Budsjettåret 2012

Fylke	Studenttal ¹	Rammeoverføring ²	Studentsat s
Hordaland	745	70 372 000	94 486
Rogaland ³	408	33 940 000	83 168
Sogn og Fjordane	140	11 076 000	79 398
Møre og Romsdal	416	38 894 000	93 527

1 Studenttal per 01.10.2011, ikkje helsefagskolestudentar

2 Rammeoverføring 2012

3 Studenttalet er justert for Stavanger offshore tekniske skole si kursverksemd som ikkje er offentleg finansiert.

Budsjettåret 2013

Fylke	Studenttal ¹	Rammeoverføring ²	Studentsat s
Hordaland	875	64 224 000	73 394
Rogaland ³	401	35 553 000	88 767
Sogn og Fjordane ⁴	140	12 113 000	86 832
Møre og Romsdal	451	36 536 000	80 981

1 Studenttal per 01.10.2012, ikkje helsefagskolestudentar

2 Rammeoverføring 2013

3 Studenttalet er justert for Stavanger offshore tekniske skole si kursverksemd som ikkje er offentleg finansiert

4 Teljinga frå Sogn og Fjordane var ikkje klar til fristen 15. okt. Det er difor nytta tal frå teljinga hausten 2011.

Tabellane syner likevel at Statsbudsjettet for 2013 ikkje tek omsyn til faktiske studenttal hausten 2012. Teljinga for hausten 2012 hadde frist til 15. oktober, medan Statsbudsjettet vart lagt fram 8. oktober 2012. Hordaland har fått eit nedtrekk i ramma på om lag 6 millionar, medan studenttalet har auka med om lag 17 % frå 2011 til 2012. Møre og Romsdal har fått eit nedtrekk på om lag 2,3 millionar, medan dei har hatt ein auke i studenttal på om lag 8 %. Rogaland og Sogn og Fjordane har fått auka rammeoverføring til fagskolane i 2013, medan studenttala er relativt stabile.

Fagskoleutdanningane er svært viktig for vestlandsindustrien. Det er stor etterspurnad i næringen etter den yrkesretta kompetansen som fagskolane gjev, både innan tekniske- og maritime fag. Utdanningane er også ettertrakta blant studentane både lokalt og nasjonalt. Av søkjarar til offentleg fagskole i 2012 søkte om lag 43 % av desse til Vestlandet. Hordaland og Rogaland hadde også mange søkjarar frå andre fylke. Til samanlikning har Østlandet med sine 8 fylke, om lag 33 % av alle søkjarar.

... Sett inn saksutredningen over denne linja ↑

Forslag til vedtak:

::: Sett inn innstillingen under denne linja ↓

Fagskoleutdanningane er svært viktig for vestlandsindustrien. Det er stor etterspurnad i næringen etter den yrkesretta kompetansen som fagskolane gjev, både innan tekniske og maritime fag. Utdanningane er også ettertrakta blant studentane både lokalt og nasjonalt.

Vestlandsrådet meiner difor at det er viktig å oppretthalde og vidareutvikle fagskoletilbodet. Omfanget av fagskoletilbodet varierer sterkt mellom fylka, og det er behov for ein finansieringsordning som tar omsyn til dette. Ved ei innlemming av ordninga inn i inntektssystemet, vil fylke med eit godt fagskoletibod få store problem med å finansiere ei vidareføring av tilbodet. Vestlandsrådet vil difor be om at det fortsett blir lagt opp til ei finansieringsordning som baserer seg på faktiske studenttal hausten før eit budsjettår.

Vestlandsrådet ønskjer vidare at tilskotet blir styrkt i statsbudsjettet for 2013. Av omsyn til næringslivet, er det viktig å vidareutvikle ordninga vidare for fylkeskommunane.

::: Sett inn innstillingen over denne linja ↑

Paul M. Nilsen
fylkesrådmann

Dette dokumentet er godkjent elektronisk og har derfor ingen signatur.